

## Høyrings svar frå styret i Mosmarka barnehage SA

Mosmarka barnehage er ein ideell, foreldreeigd barnehage i Ørsta kommune. Barnehagen er per i dag den største barnehagen i barnetal i kommunen. Barnehagen vår har eit godt samarbeid med den kommunale barnehagesektoren. Kommunen er avhengig av barnehagen vår for å kunne gi alle born med rett til barnehageplass eit tilbod. Vår barnehage tek ikkje ut utbytte, og har som mål å gå om lag i null i rekneskapet. Eventuelle overskot går tilbake til borna, i form av opprusting av dei fysiske tilhøva inne og ute i barnehagen, leiker, aktivitetar/utflukter, kompetanseheving og liknande. Som ideell barnehage er vi i styret bekymra for konsekvensane som lovforslaget kan føre til.

For det første er vi sterkt uroa for forslaget om å avskaffe det nasjonale regelverket som skal sikre økonomisk likebehandling av kommunale og private barnehagar. Vi ser at dagens finansieringsmodell har behov for justeringar, men meiner at det må vere ei felles retningslinje som gjeld uansett kva kommune ein høyrer til. Om kommunene skal utarbeide retningslinjer for finansieringa på eiga hand, er vi uroa for at dette skal gå ut over likebehandlinga. Både samanlikna med dei kommunale barnehagane i same kommune, men også at det vert skilnadar i finansieringa på landsbasis. Sjølv ligg vi i ei kommune som i åra framover står ovanfor fleire større investeringar og auka lånegjeld. Vi uroar oss difor om dette kan gå utover økonomien til vår barnehage, dersom det skal verte opp til kommunen korleis dei fordelar tilskota. Kommunen kan med ny finansieringsmodell, bevisst eller ubevisst, velje å prioritere eigne bygg og barnehagar. Alt no har vi ei rimeleg drift, der vi driv for mykje mindre enn kva snittet i Noreg gjer. Med forslaget som no ligg føre, vert det utfordrande å kunne planlegge for kva som vil vere ei forsvarleg drift i framtida.

For det andre, er vi bekymra for forslaget om å gi kommunen mynde til å kunne godkjenne barnetalet i barnehagen kvart tiande år. Private barnehageplassar som ikkje er i bruk, går på ingen måte ut over kommunen sin økonomi, då ein ikkje får tilskot for ubrukte plassar. Vi ser difor ikkje hensikta med forslaget. Forslaget vil skape ei usikkerheit og lite føreseieleg drift for private barnehagar. Vi veit at søknadstala til barnehagelærarutdanningane går ned, og det snakkast om "flukt" frå yrket. Vi fryktar at dette forslaget kan gjere at det enno vanskelegare å rekruttere og behalde tiltrengt kompetanse, og at dei best kvalifiserte søker

seg over i kommunale barnehagar, der ein vil ha ein sikrare jobb. Kven vil ta ein jobb som ein veit kan vere vekke om to år?

Vi meiner det skal vere opp til føresette kva barnehageplassar som har livets rett. Ikkje kommunen, som kan ha intensjonar om å fylle opp sine egne, kommunale barnehageplassar. Dersom kommunen vel å redusere barnehageplassane, vil dette gjelde for ei tiårsperiode, noko som innskrenkar føresette sin valfridom for ei lang periode. I vår kommune kan det vere relativt store variasjonar i barnekulla frå år til år, og desse variasjonane er det vanskeleg å forutsjå i ei tiårsperiode. Kva gjer ein om ein nyleg har redusert barnehageplassane, og plutseleg står att med for få plassar?

Ein annan konsekvens, er at det vil verte vanskeleg for barnehagane å gjere investeringar. Ingen bank vil til dømes gi lån til ei bedrift som ikkje veit om dei kan drive om ti år. Naudsynt vedlikehald og oppgraderingar kan verte utsett, noko som kan føre til dårlegare fysiske rammer i barnehagen.

Vi stiller oss dessutan skeptiske til korleis kommunen skal kunne følgje opp dette utan å auke administrasjonskostnadane. Slik vi ser det, er dette pengar og ressursar som heller burde kome borna i barnehagane til gode.

Styret i Mosmarka barnehage er stolt over tilbodet vi gir til barn og føresette som ønskjer plass hjå oss. Vi stiller oss negative til forslaga om endringar i barnehagelova. Vi ser likevel at det er det behov for justeringar, etter 20 år utan lovendringar. Det vi ønskjer oss, er:

- ei lov som likebehandlar kommunale og private barnehagar, uavhengig av kvar i landet ein er busett
- ei lov som gir private barnehagar moglegheiter til ei føreseieleg drift
- ei lov som gir føresette moglegheit til å påverke kva barnehageplassar som har livets rett
- ei lov som fremjar eit godt samarbeid mellom private og kommunale barnehagar, utan at det vert "oss" og "dei"

På vegner av styret i Mosmarka barnehage SA

Marita Aklestad

Liv Grete Stokke (styreleiar)

